

# ÅRSMELDING FOR HEIDAL HISTORIELAG FOR 2009

Forrige årsmøte blei avholdt den 3. mars 2009 med godt framsmøte.

Styret i historielaget har hatt denne samansetning i 2009 : Pål Prestgard, nestleiar, Ståle Rønningen, kasserar, Sverre Svindland, sekretær, Guri Brobakken, styremedlem og Jan Johansen, styremedlem. Som i dei siste åra har det ikkje vore nokon spesiell leiar, men styret har fungert bra, og oppgåvene er fordelt mellom alle i styret.

I tillegg til årsmøtet for 2008 har det vore avholdt heile 10 styremøter. I november var det ope møte/hyggekveld med godt framsmøte. Tema for kvelden var gards- og slektshistorie i Heidal v/Arnfinn Engen og slektsgransking v/Steinar Løsnestølken.

Til nå er det oppretta 4 undergrupper og 2 prosjektgrupper i historielaget:

**Arkeologigruppa** held fram med arbeidet med registrering av ymse kulturminner. Det har vore arrangert fleire turar og det er registrert fleire nye kulturminner. Gruppa har godt samarbeid med kulturvernavingdelinga i Oppland fylkeskommune.

Det er òg denne gruppa som har teke initiativ til registrering og innmåling av Kvernsteinsberget i Sjølia. Her er det òg gjennomført ein ryddeaksjon som har tilført oss kr. 3.000,- frå Norsk Kulturarv.

**Intervjugruppa** held fram med arbeidet med å videointervjue eldre personer som har fortald om hendinger og ting dei har opplevd som kan vera av interesse for andre. Det er skaffa tilveie nytt videoutstyr til dette arbeidet. Vi har ikkje fått attendemelding frå denne gruppa om arbeidet i 2009.

**Friluftsteatergruppa** blei oppretta på årsmøtet i fjor og har sidan arbeida jevnt og trutt, og nå ser det ut som dramatiseringa av Kristian Prestgards si forteljing «Det fyrste Amerikabrevet» kan gjennomførast til sumaren. Det fyrste utkastet til manus ligg føre, og førebels rekruttering av skodespelarar og andre aktørar er gjort. Det er kontakt med skula om mogeleg medverknad under arrangementet.

**Årsskriftkomiteen** blei oppretta nå i mai 2009, og arbeidet med den fyrste utgåva er godt i gong. Gruppa fungerer godt på alle plan, og alle gjer sitt til at arbeidet går framover. Som ein start av markedsføringa av boka er det oppretta ei eiga side på Facebook som nå har 360 medlemmer. Der er det òg i gong ein konkurranse om navn til boka. Går alt etter planen kan denne koma ut allereie nå til hausten. Vil oppfordre alle til å koma med stoff eller idear til artiklar som kan brukast i boka. Frist for innlevering av stoff til denne fyrste utgåva er sett til 1.mai 2010.

**Bureisarprosjektet** tek for seg bureisarhistoria i Heidal. Arbeidet er nå kome så langt at det venteleg kan gjevast ut i bokform til Ope Helg i 2010. Dette er noko som mange ser fram til.

**Gards- og slektshistorie for Heidal.** Dette er eit prosjekt som blei oppretta nå i haust. Det er ein bygdebokkomitee i Heidal Historielag som har oppretta kontrakt med Arnfinn Engen om skrivning. Bokkomiteen skal samle inn stoff og bilder og bistå Engen i arbeidet. Engen skal koste trykking av 1000 bøker og som betaling får han inntektene av salget av dei fyrste 800 bøkene. Planen er at boka som er tenkt i same format som seterboka skal vera klar til sal i 2011. Arbeidet er godt i gong og til nå har gruppa teke for seg Mæringsdalen, Ellingsbørusten, Hovda, Brurusten, Steine og Fjerdingsren med alle plasser som er utskilt frå desse bruka.

Historielaget har motteke to storarta gåver nå i 2009. Gudmund Harildstad var med og gav ut ei bok om Kristian Prestgard i 1996: «Frå Heidal til Decorah». Vi har nå fått ein del av restopplaget av denne boka.

Frå nå nedlagte Heidal Sanitetsforening har vi fått ein del saker etter Jo Gjende. Dette er m.a. dei fyrste skoene hans og 3 luver, ei av dei dåpsluve. Sakene blir teke vel vare på.

**Årsmøtet i Gudbrandsdal historielag i 2009** vart lagt til Heidal som ein gest til det aktive, nye laget. Representanter frå styret i Heidal Historielag hadde omvisning i kyrkjene her, noko som blei sett stor pris på.

Under Ope Helg var historielaget medarrangør i Steinsrudutstillinga saman med Heidal husflidslag. Sondag var det tur til Kvernsteinsberget i Sjolía med godt frammøte.

Det store trekkplasteret til laget er heimesida som Arne Jan Randen er ansvarleg for. Her har han lagt ned eit stort arbeid. Sida blir fortløpande oppdatert med ny informasjon. Nå sist har Randen nedlagt eit kjempearbeid med id-kortene frå krigen. Det er mykje skryt å få for heimesida, og mange meiner det er den beste dei har sett.

Nå på tampen av året har historielaget inngått samarbeid med Sel historielag om å utgje eit par DVDer med smalfilmklypp frå Sel kommune. Diverre vart dette ikkje ferdig nå til jul, men det kan bli aktuelt til neste jul.

Økonomien i laget er nå mykje betre enn for eit år sida. Grasrotandelen, annonseinntekt samt fleire medlemmer har gjort sitt til at situasjonen ser mykje lysare ut nå.

På slutten av året var det 48 medlemmer i laget, mange av desse er utanbygds. Det er plass til mange fleire, og vi oppfordrar alle til å reklamere for laget og på den måten skaffe fleire medlemmer.

Det er mange oppgåver å ta fatt på, men til det trengs det interesserte personer som kan bidra på ein eller anna måte.

Heidal, 10. februar 2010.

**Styret i  
Heidal Historielag**